


Årsmelding

Styret i

Markane Idrettslag

2016



Innholdsliste

1. Styret side 4

2. Grupper/ utval/ komitear

Skigruppa

Skiskyttargruppa

Orienteringsgruppa

Barne – ungdoms – trim – friidrettsgruppa

Revisorar

Valnemnd

Utsendingar

Tillitsverv utanom laget

3. Møter/ tilstellingar side 5

4. Saker side 6

5. Medlemstal

6. Utdanning side 7

6.1 delteke på kurs

6.2 organisert trening/ instruksjon

7. Særforbund

8. Stemner, konkurransar, meisterskapar

9. Mottekne midlar

10. Anlegg side 8

10.1 Vedlikehald på Ullsheim

10.2 Løypekøyring

10.3 Ansvarleg for utleige av Ullsheim

10.4 Tilsette i Markane IL

11. Oppgåver i året som kjem

Planlagde tiltak i planperioden 2017

11.1 Utbygging/rehabilitering

11.2 Arrangement 2017 side 9

11.3 Økonomi

12. Aktivitet i gruppene side 10

12.1 Å leggje merke til

12.2 Lagsdrakter

12.3 Heimesida

12.4 Lagssoga

12.5 Pressa

13. Rekneskap/ resultat

14. Avslutning side 11

Året 2016

VEDLEGG:

Vedlegg I: Anleggsplan for Markane IL side 13

Vedlegg II: Tillegg til anleggsplan side 17

Årsmelding del II

Rapport frå Ullsheimanlegget

Årsmelding frå skiskyttargruppa

Årsmelding frå skigruppa

Årsmelding frå trimgruppa

Årsmelding frå friidrett

Årsmelding frå Markane og Stryn Barneidrettsskule

Årsmelding frå orientering

Årsmelding del III

Resultatrekneskap 2016– drift

Balanse pr. 31.10.16

Budsjettframlegg for 2017

Markane Idrettslag

Årsmelding 2016

1. Styret

Leiar:	Eldbjørg Hatledal
Nestleiar:	Rikard Bøe
Sekretær:	Antonia Karete Haugen Kongsvik
Styremedlem:	Kristin Hatledal
Styremedlem:	Sigbjørn Fænn
Styremedlem:	Arvid Hatledal (med særleg ansvar for Ullsheimanlegget)
Første vara:	Monica V. Halsteinslid
Andre vara:	Sigbjørn Kirkeeide
Kasserar:	Nils Heggdal (ikkje medlem av styret)

2. Grupper/Utval/Komitear

Skigruppa

Leiar:	Sigbjørn Fænn
Styremedlem :	Kjetil Svarstad
Styremedlem:	Svein Rune Aaland
Styremedlem:	Margunn Hjelmeset
Styremedlem:	Ivar John Erdal

Skiskyttargruppa

Leiar:	Monica V. Halsteinslid
Nestleiar:	John Roger Meland
Styremedlem:	Jan Egil Gjørven
Styremedlem:	Kari Tønning

Orienteringsgruppa

Styremedlem:	Grete Zachariassen
Styremedlem:	Per Øen
Styremedlem:	Sissel Svarstad
Styremedlem:	Svein Arne Lødemel

Barne- og ungdomsgruppa, trimgruppa/friidrettsgruppa

Leiar:	Per Jakob Kyrkjeeide
Styremedlem:	Sigbjørn Kirkeeide
Styremedlem:	Bodil Dybevoll
Styremedlem:	Even Nesje

Friidrettsansvarleg: Antonia Karete Haugen Kongsvik/ Eldbjørg Hatledal

Markane og Stryn barneidrettsskule:

Leiar:	Margunn Hjelmeset
--------	-------------------

Revisorar for 2016

Ester Anny Skrede
Randi Lindvik
Vararevisor: Per Ove Kjøs

Valnemnd for 2016:

Leiar: Torill Guddal

Medlem: Monika Osvold

Medlem: Frank Jakob Sandbakk

Medlem: Vidar Stavik

Varamedlem: Ann Kristin Grodås

Utsendingar til ting m.m.

- Vårsmøtet, Skei Hotel: Inge Fænn (leiar i skikrinsen)
- Anleggskonferanse, Skei 9.6: Arvid Hatledal
- Årsmøte i Stryn idrettsråd: Per Øen (styremedlem SIR), Eldbjørg Hatledal, Monica Halsteinslid og Rikard Bø.
- O-krinsting på Skei 27.2: Per Øen og Grete Zachariassen
- Skiskiskytterting, Stavanger: Monica V. Halsteinslid
- Årsmøte i Sogn og Fj. Skiskyttarkrins: Monica V. Halsteinslid, Jan Egil Gjørven, John Roger Meland og Sigbjørn Kirkeeide
- Omframnt årsmøte i Nordfjord Team: Monica V. Halsteinslid, Eldbjørg Hatledal, John Roger Meland og Jan Egil Gjørven.
- Årsmøte i Nordfjord Team: Monica V. Halsteinslid, Sigbjørn Kirkeeide, John Roger Meland og Jan Egil Gjørven.
- Haustmøtet – skikrinsen: Inge Fænn (leiar i skikrinsen)

Tillitsverv utanom laget.

Krins:

Inge Fænn: Leiar i Sogn og Fjordane Skikrins

Magnhild Hauge og Odd Rune Halsteinslid: Revisorar i Sogn og Fjordane skiskyttarkrins

Margunn Hjelmset: Jenteansvarleg i Sogn og Fjordane skiskyttarkrins

Andre verv:

John Roger Meland: Styremedlem Team Statkraft Nordfjord

Per Øen: Styremedlem/ sekretær i Stryn Idrettsråd

Klemet Bø: Varamedlem Stryn Idrettsråd

Antonia Karete Kongsvik: Valnemnd i Stryn Idrettsråd

3. Møte/tilstellingar/utmerkingar

Årsmøte

Omframnt årsmøte

11 styremøter

Premiefest

Møter i hovudkomiteen og underkomiteane om Norgescup i skiskyting.

-Samarbeidsmøter mellom MIL og Turløyper Stryn om ny løypekøyringsavtale.

Utmerkingar

Svein Sindre vart tildelt æresmedlemskap i Markane IL med markering på årsmøtet for 2015. Samstundes markerte laget at Markane IL har runda 110 år.

Tarjei Bø vart tildelt Holmenkollmedaljen under VM i skiskyting i Holmenkollen.

Inntekstgjevande tilskipingar:

Basar

Kiosk ved ulike små og store arrangement idrettsarrangement

Markering av prestasjonane til Tarjei Bø og Johannes Thingnes Bø i sesongen 2015/2016.

Stryn kommune i samarbeide med Markane IL stod føre arrangementet som vart avhalde i kulturhuset. Mykje folk hadde møtt fram. Det vart borte fram mange helsingar til dei to løparane våre. Ei stor marsipankake var sett fram og det var stor stas og glede då Tarjei og Johannes skulle forsyne seg først, men i staden for å setje seg å ete, skar dei opp kakestykke og serverte alle dei frammøtte.

4. Saker

Styret har handsama 85 saker.

Nokre av dei viktigaste sakene styret har arbeida med utanom generelt idrettslagsarbeid er:

- Oppfylging av spelemiddelsøknadene og andre søknader
- Sponsorarbeid
- Anleggsplan
- Rehabilitering av lysanlegget
- 110-årsjubileum for Markane IL
- O-kart
- Utviding av klubbhus; planarbeid
- Ymse arrangement, møter, kurs m.m.
- Kommunedelplanen for Stryn kommune
- Drift og utvikling av Ullsheim
- Nytt heimesidesystem
- Festeavtalane mellom MIL og grunneigarane
- Drift av gruppene
- Ski i skulen
- Vegen vidare for Nordfjord Team
- Fornying av avtala mellom Turløyper Stryn og Markane IL
- Utbetring av dataanlegget på Ullsheim
- Norgescup skiskyting 2016

5. Medlemstal

Pr. 31.10.16 har Markane IL 369 medlemmar med slik fordeling i alder og kjønn:

5.1 Samla medlemstal pr. 31.10.16

382 (164 kvinner og 208 menn). I fjor: 359 (149 kv/210m)

5.2 Medlemmar 0-5 år

34 (16 jenter og 18 gutar). I fjor: 25 (11 j + 14 g)

5.3 Medlemmar 6-12 år

74 (37 jenter og 37 gutar). I fjor: 77 (37 j + 40 g)

5.4 Medlemar 13-19 år

48 (18 jenter og 30 gutar). I fjor: 50 (16 j + 34g)

5.5 Medlemar frå 20 år

226 (93 damer og 123 menn). I fjor: 207 (85 d +122 m)

6. Utdanning

6.1 Deltaking på kurs:

Skigruppa:

Fagmøte ski våren -16: Inge Fænn (leiar av Skikrinsen)

Fagmøte ski hausten -16: Inge Fænn (som leiar av Skikrinsen)

Skiskyttargruppa: Sikkerheitskurs for nye medlemmer i skiskyttargruppa

Barne/ungdom/trimgruppa: Badevakter: 8 personar

Spelemiddelsøkingskurs: Per Øen og Eldbjørg Hatledal

6.2 Organisert trening/instruksjon

Her syner vi til årsmeldingane frå gruppene.

7. Særforbund

Markane IL er medlem av:

Norges Skiforbund

Norges Skiskytterforbund

Norges Orienteringsforbund

Norges Friidrettsforbund

Norges Handikapforbund

8. Stemne, konkurransar, meisterskap:

Når vi skal lage ei sluttoversikt ser vi at det har vore mange ulike arrangement. Årsmeldingane frå gruppene viser at aktiviteten har vore stor på mange felt.

I år har vi hatt lagsmeisterskap i:

1. Orientering
2. Langrenn – fristil, klassisk, hopp og slalåm
3. Skiskyting

Medlemar frå Markane IL har også vore aktive og delteke på mange arrangement andre stader.

Dette kjem godt fram i gruppene sine årsmeldingar. Vi oppmodar alle til å lese desse

årsmeldingane. Når det gjeld enkeltresultat, syner vi til årsmeldingane frå gruppene og heimesida.

Vi har god grunn til å glede oss!

9. Mottekne midlar

Resultatrekneskap 2016 gjev gode opplysningar; studer dette.

9.1. Kulturmidlar/ gåvemidlar kommune/ fylke kr.145.000.-

9.2. Sponsor- og samarbeidsavtaler kr. 387.500.-

9.3. Idrettskrins/ forbund kr. 91.141.-

9.4. Grasrotandelen – tipping kr. 18.096.-

9.5. Gåve og ytingar, andre tilskot kr. 4.495.-

Stor takk til alle som har ytt oss midlar i 2016.

10. Anlegg

10.1 Vedlikehald på Ullsheim.

Arvid Hatledal har spesielt ansvar for Ullsheimsanlegget. (sjå eige notat i Del II)
Anlegget er stort og det er alltid noko som kan/ bør gjerast. Saman med dagleg leiar, vaktmester og dugnadshjelp får ein gjort naudsynt vedlikehald medan «tida er god.»

10.2 Løypekøyring.

Erfaringane med Turløyper Stryn AS som ”driftsoperatør” av Skiturlaget Ullsheim-Stryn og turløypene er gode. Ordninga held fram. Samarbeidsavtalen frå 2005 mellom Turløyper Stryn AS og Markane IL er avløyst av ny avtale gjeldande frå 01.11.2015 til 31.10. 2020.

10.3 Ansvarleg for utleige av Ullsheim

Utleige av Ullsheim er eitt dagleg leiar sine ansvarsområder. Alle førespurnader skal rettast til dagleg leiar.

10.4 Tilsette i Markane IL.

Dagleg leiar: Klemet Bø (inntil 50 %)

Vaktmeister/reinhaldar: Per Jakob Kyrkjeeide.

11. Oppgaver i året som kjem:

Planlagde tiltak i planperioden 2016/2017

11.1 Utbygging/ rehabilitering

Vi syner til

- vedteken anleggsplan for 2015 (frå årsmøtet 2015)
- framlegg til anleggsplan for 2017 - 2020 (framlegg til årsmøtet i 2016)

Vi syner til anleggsplanen, datert 01.06.2016

11. Ordinære anlegg.

Rehabilitering av lysanlegg-lysløyper og rulleskibane Ullsheim

Lysløypenettet (lysanlegget) skal gjennom ei totalfornying. Det vart søkt om spelemidlar til dette anlegget hausten 2015 og anlegga fekk spelemidlar i 2016. Søknaden vart omarbeidd og delt opp i 3 ulike anlegg. Spelemiddelsøknad for 2016 der alle tre anlegg fekk spelemidlar. Arbeidet har teke til.

11.1. Ordinære anlegg det vert søkt spelemidlar til i 2017.

Prioritet 1. Snøproduksjonsanlegg –Ullsheim

Prioritet 2. Totalrenovering av garderobeanlegget – Ullsheim

Prioritet 3. O-kart; Hydla

(sjå anleggsplanen)

11.2. Nærmiljøanlegg det vert søkt spelemidlar til i 2017

Prioritet 1. Rehabilitering / utviding av lysanlegg.

Skileikanlegg (3 stk. hoppbakkar, kuleløype, slalåmbakke)

Prioritet 2. Rehabilitering av smørjehall/ aktivitetsrom

(Vi syner til den framlagde anleggsplanen.)

11.2. Arrangement 2017.

Vinter

Først av alt vonar vi på ein stabil snøvinter
Av større arrangement komande vinter har vi

Ullsrennet/stafett	07. og 8. jan.
Skiskyting	14. og 15. jan
Tverrfjelldilten	11.februar

I tillegg kjem lokale tilskipingar som
sonerenn,
treningsrenn,
cuprenn,
lagsrenn m.m.

Ski i skulen.

Ein veit pr. dato ikkje sikkert om det i det heile vert skipa til dette tilbodet.
Dersom tilbodet blir lagt ut og Markane IL vel å delta, blir det eit samarbeid mellom partane
Markane IL, Skikrinsen og Tonning skule. Det er i så fall 5.klasse ved Tonning som får dette
tilbodet.

Sommar

Frøidrett - Postvegløpet er første onsdag i juni kvart år. I 2017 fell Postvegløpet på 7.juni.
I tillegg deltek mange frå Markane på arrangement rundt om i distriktet.

O-gruppa er aktiv. Styret i o-gruppa ynskjer at mange fleire av laget sine medlemmane deltek på
alle nær-o-løpa, dei fleste løp i krinsen og kanskje vågar seg på eit av dei større løpa rundt i
landet. Her har vi ei utfordring. I 2017 arrangerer Markane KM mellomdistanse 10.juni medan
Veten arrangerer KM langdistanse 11.juni. Vi håper mange frå Markane stiller på startstreken
denne helga.

Ski/ skiskyting: På sommartid vert det aktivitetar på og kring rulleskibana. I september
arrangerte Markane IL rulleskifestival; denne gongen utan Bendit.
Vi nemner også barmarkssamlinga, eit samarbeid mellom Markane il og Sogn og Fjordane
skikrins. Denne samlinga har stor deltaking med over 60 deltakarar.

11.3. Økonomi.

Økonomien er under god kontroll. Når vi ser kva utbetningsoppgåver og investeringar vi både har
gjennomført og vil ha framover, vil arbeidet med å skaffe inntekter til laget vere ei viktig oppgåve
der mange steinar må snuast og gode idear prøvast.
Sponsorarbeidet er viktig, men tidkrevjande. Dette arbeidet er ein del av dagleg leiar – Klemet Bø
sine arbeidsoppgåver.

12. Aktivitet

Her syner vi til årsmeldingane frå dei enkelte gruppene.
Gruppene er sjølve grunnstøtta i laget. Det er frå desse dei sportslege aktivitetane blir leia og
utvikla. Det er gjennom gruppene vi skal utvikle og utøve idrett på alle nivå. Her skal det skje
rekruttering, og ein skal finne plass til den enkelte utøvar både i breidde og topp. Fram for alt skal
det utviklast trivsel og idrettsglede – ei stor oppgåve vi alle treng å støtte opp om.
Idrettsregistreringa skjer i januar. Det er her viktig at gruppene tenkjer nøye gjennom dei
aktivitetane dei har hatt slik at mest mogleg vert registrert, både trening og konkurransar.

12.1 Å leggje merke til

Det er så mykje å glede seg over. På alle nivå vert det levert mange og gode resultat og mykje glede. Ein let seg begeistre over god deltaking på cup-renna, over glede og personlege sigrar når ein er komne i mål, for nokre den aller første idrettsaktiviteten med nummer på bringa.

Vi har utfordringar i høve til trimklassen, der har det vore minkande deltaking. Den utviklinga må vi freiste å snu.

Det er eit stort sprang frå cuprenn på Ullsheim til skiskyttar-VM i Holmenkollen. Markane IL hadde deltakarar på begge stader og på mange, mange andre arrangement gjennom heile 2016.

År 2016 – VM i skiskyting, Holmenkollen; Løparar frå Markane IL; Johannes når han gjekk i mål og låg på kne i snøen og kviskra til broren – eg greidde det! Kven kan gløyme når Johannes helste på Kongen? Stafettlaget – halve laget frå Markane IL.

Det er så spesielt og ein bragd så stor at vi knapt greier å heilt fatte at det er røyndom.

Markane IL – idrett for alle frå BREIDDE til TOPP.

Legg merke til at det

- På alle nivå vert det levert mange og gode resultat
- Her er mange unge løparar vi kan kome til å høyre om både nasjonalt og internasjonalt. Vert arbeidd godt og systematisk i gruppene – studer årsmeldingane
- Her finn vi mange gode prestasjonar i alle aldersklassar og fleire idrettsgreiner.

Markane idrettslag – idrett for alle frå bredde til topp. Vi er på veg!

Takk til absolutt alle som har representert Markane IL ved å delta i sportslege arrangement.

12.2 Lagsdrakter .

Lagsdrakter

Skigruppa jobba i 2013 fram ein samarbeidsavtale med Craft og Sport 1 Ytre-Eide om nye lagsdrakter til klubben. Dette er ein avtale som skulle gå over 3 år. Lagsdraktene har vore tilgjengelige på Sport 1 , som også har trykt på logoar og sponsormerke.

Det har vore 30 % rabatt på alle Craftklede når det er lagskveld hos Sport 1. I tillegg får skigruppa premiar for ein verdi av 10 000,- kr. Pr. dags dato vert det forhandla med Ytre-Eide Sport /Craft om ei eventuell fornying av avtala.

12.3 Heimesida www.markane.no

Antonia Karete Haugen Kongsvik oppdaterer heimesida til Markane IL. Her ligg informasjon om laget, komande arrangement, innbydingar, reportasjar frå eigne arrangement, reportasjar frå løp/renn/aktivitetar der medlemmar frå MIL har delteke m.m. Resultatlister frå alle løp/renn med deltakarar frå MIL, er å finne i arkivet under kvar gruppe.

Takk til alle som bidreg med foto og er med på å halde sida levande!

På grunn av at Klubben Online-systemet vart lagt ned i 2015, har Markane måtte legge om til den nye heimeside løysinga Idretten Online. Omlegginga har vore tidvis problematisk då det gamle systemet vart lagt ned før den nye løysinga eigentleg var klart til å bli teken i bruk. Det har dei siste månadane kome på plass fleire nye funksjonar blant anna moglegheit for å sende nyhendebrev via heimesida og ein betre resultatarkivfunksjon. Dermed er det forhåpentlegvis mogleg å bygge opp den nye sida slik vi ønskjer det i løpet av 2017.

Det meste av artiklar som låg på den gamle heimesida er no lagt over på bloggen til den nye sida. Det manglar framleis ein del resultatlistar frå tidlegare år, men med ny og raskare arkivfunksjon for resultat skal det vere mogleg å få lagt ut desse også.

I periodar har sida vore utilgjengeleg p.g.a. oppdateringar sentralt og «teljefunksjonen» har i periodar av året vore ute av drift. Det er dermed ikkje noko påliteleg tal for sidevisningar for 2016, men for dei månadene der er tal så verkar dette til å liggje på om lag same tal som sist år.

Markane IL har også eiga gruppe på facebook. I tillegg har seedingrennet Tverrfjelldilten og Postvegløpet sine egne facebooksider.

Vi oppmodar medlemmane om å følgje oss på nett!

12.4 Lagssoga.

Arbeidet går i særskilde sakte tempo noko som leiaren i laget sin lyt ta inn over seg. Arbeidet er ikkje kome så langt at ein har ferdige deler.

Idrettslaget fekk førespurnad frå Stryn Historielag om å skrive om utvikling og utbygging av Ullsheim-anlegget. Per Hatledal tok på seg oppgåva og leverte ein framifrå artikkel til Stryn historielag si årbok for 2016.

Takk til Per Hatledal og Stryn Historielag.

12.5 Presse

Utøvarane våre oppnår mange gode resultat i løpet av sesongen. Det er viktig for laget at både arrangementa våre og utøvarane våre får merksemd i media. Vi nyttar høvet til å takke pressa med lokalavisa vår Fjordingen i spissen for god dekning av aktivitetane våre!

13. Rekneskap/resultat

Rekneskapen viser ei bruttoinntekt på kr. 1.878.895.- og eit overskot etter finansinntekt/-kostnad på kr. 47.263.-

Vi oppmodar medlemmane til å studere rekneskapstala.

Takk til alle som har bidrege til laget sin økonomi

Særleg takk til alle i arrangørstaben av ulike arrangement. Laget er fullstendig avhengige av dykkar innsats.

Sparebanken Sogn og Fjordane

Stryn kommune

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Krins og Forbund for tildelte midlar.

Sponsorar – sjå note til rekneskapen.

Craft og Sport 1 Ytre-Eide for gode avtaler på lagsdrakter og utstyr

Alle som på ein eller annan måte har støtta basaren vår

Alle som har gjeve gåver til Ullsheim/ Markane Idrettslag

14. Avslutning

Vinteren 2016 vart ein fin og god vinter med god aktivitet. Vi fekk produsert mykje snø slik at alle planlagde aktivitetar vart gjennomførte. Det syner seg at slik veret har vorte, er det heilt naudsynt å ha godt utstyr til produksjon av snø.

Ein sesong går fort. Ski og skiutstyr er knapt sett på stall før orienteringssporten og friidretten er i full gong med ein lang sesong der vi alle kan delta på ein eller annan måte.

Friidrett er ikkje ei stor grein i Markane IL, men den er ikkje så lita som vi kanskje trur. Sjå på årsmeldinga for friidrett – den syner aktivitet og at laget er representert på mange arrangement,

Postvegløpet blir skipa til første onsdag i juni. I 2016 fall dagen på 1.juni.

Neste år – 2017; merk av på kalenderen – 07.juni. 2016-løpet hadde god deltaking med rekorddeltaking i konkurranseklassen med 71 løparar.

Setretrimmen har hatt 6012 registrerte besøk. Det er ein nedong på 129 registreringar samanlikna med rekordåret 2015. Det er mange liter sveitte som ligg att etter alle dei som har slite seg opp om dei ni faste registreringsplassane.

Holesetra er best besøkt med 4060 besøk; medan Sindresetra hadde færrest registrerte med 21 besøk. Nytt av året var at berre medlemmer i MIL var med i konkurransen om Setretrimtrolla.

Fyrst av alt – les årsmeldingane til gruppene i MIL. Då får ein verkeleg eit innsyn i kor stor aktiviteten i laget er – året rundt. Ei stor takk til alle dykk som på ein eller annan måte har vore med på å drege lasset dette året. Utan dykk hadde vi ikkje hatt eit aktivt idrettslag.

Dugnad m.m.

Mange personar har ytt dugnadsinnsats, vore med i ulike komitear, hjelpt til ved ulike arrangement eller ytt ei hjelpande hand på ein eller annan måte;

Til kvar ein av dykk – tusen takk for hjelpa og innsatsen.

Markane 23.11.2016

**Markane Idrettslag
Styret v/ leiar
Eldbjørg Hatledal**



Markane Idrettslag
v/leiar Eldbjørg Hatledal
Markane
6783 Stryn
TLF.: 97076695; e-post: ehatleda@online.no

Markane 01.06.2016

STRYN KOMMUNE
v/kulturavdelinga
Tonninggata 4,
6783 Stryn.

Kommunalplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv – Innspel til revisjon av handlingsprogrammet for 2017 – 2020

Anleggsplan for Markane IL år 2017

På årsmøte i desember 2015 vart ny anleggsplan for Markane IL vedteken. Etter diverse innspel gjennom året har styret føreteke justeringar som formelt skal godkjennast på styremøte 14.juni 2016 og på årsmøtet 29.november 2016

Oppstart av anlegg/spelemiddelsøknader må godkjennast av årsmøte/omframt årsmøte i kvart enkelt tilfelle.

I oversikten som følgjer, har vi delt anlegga inn i to kategoriar,

- Nyanlegg/ rehabilitering av eldre anlegg
- Nærmiljøanlegg

Vi ber om at våre innspel vert tekne med i revisjon av handlingsplanen som skal godkjennast hausten 2016.

ORDINÆRE ANLEGG.

NYANLEGG/ REHABILITERING AV ELDRE ANLEGG

1. Utviding av snøproduksjonsanlegget

Oppgradering/utviding av snøproduksjonsanlegget. Ved ein snøfattig vinter er det heilt avgjerande å kunne produsere snø både til «eige» bruk, større regionale renn og store landsdekkande renn.

Utviding av snøproduksjonsanlegget er derfor naudsynt.

Oppstart: År 2017

Spelemiddelsøknad fremja År 2017

Kostnad: Kr. 1.000.000.- +moms

2. Totalrenovering av garderobeanlegget – Ullsheim

Garderobeanlegget har fukt og soppskadar. Totalrenovering er naudsynt.

Oppstart: År 2017

Spelemiddelsøknad fremja År 2017

Kostnad: Kr. 1.800.000.- + moms

3. Utviding av lagshuset

Vi ser det som naudsynt å utvide lagshuset på Ullsheim.

Den påtenkte utvidinga vil omfatte

32 plass til overnatting: ikkje rett til spelemidlar.

Tørkerom: spelemidlar

Utvida toalettavdeling: spelemidlar

Gangareal: delvis spelemidlar

Oppussing av kjøkken: usikkert i høve spelemidlar

Oppstart: År 2020

Spelemiddelsøknaden fremja: År 2020.

Kostnad: kr. 5.700.000 + moms

4. Orienteringskart "Hydla"- rehabilitering/ digitalisering

Anlegg nr.: 1449 00 44 01

Oppstart: År 2017.

Spelemiddelsøknad fremja: År 2017.

Kostnad: kr. 500.000.- +moms

5. Orienteringskart "Hogden II"

Nytt anlegg/ rehabilitering

Oppstart: År 2019.

Spelemiddelsøknad fremja: År 2019.

Kostnad: kr. 500.000.- + moms

6. Orienteringskart "Robjörgane

Nytt anlegg/ rehabilitering

Oppstart: År 2020.

Spelemiddelsøknad fremja: År 2020.

Kostnad: kr. 500.000.- + moms

7. Utviding av konkurranseløyper 5 km A – Ullsheim

Utviding til 12 meter løypebreidde/ rehabilitering

Utbyggingsår: År 2018

Kostnadsrekna til; kr. 12.268.000.- eks. moms

8. Utviding av konkurranseløyper 5 km B – Ullsheim

Utviding til 12 meter løypebreidde/ rehabilitering

Utbyggingsår: År 2018

Kostnadsrekna til; kr. 12.268.000.- eks. moms

9. Utviding av konkurranseløyper 5 km C – Ullsheim

Utviding til 12 meter løypebreidde/ rehabilitering

Utbyggingsår: År 2019

Kostnadsrekna til; kr. 12.268.000.- eks. moms

10. Utviding av konkurranseløyper 5 km D – Ullsheim

Utviding til 12 meter løypebreidde/ rehabilitering

Utbyggingsår: År 2019

Kostnadsrekna til; kr. 7.268.000.- eks. moms

11. Utviding av konkurranseløyper 5 km E – Ullsheim

Utviding til 12 meter løypebreidde/ rehabilitering

Utbyggingsår: Langsiktige behov; uprioritert

Kostnadsrekna til; kr. 7.268.000.- eks. moms

12. Utviding av konkurranseløyper 10 km – Ullsheim

Utviding til 12 meter løypebreidde/ rehabilitering

Utbyggingsår: Langsiktige behov; uprioritert

Kostnadsrekna til; kr. 7.268.000.- eks. moms

Ordinære anlegg - prioritering av søknader med oppstart år 2017

1.prioritet: Utviding av snøproduksjonsanlegget

2.prioritet: Totalrenovering av garderobeanlegget

3.prioritet: O-kart; Hydla

NÆRMILJØANLEGG

Rehabilitering av nærmiljøanlegg

1. Rehabilitering/ utviding av lysanlegg

Skileikanlegg (3 stk. hoppbakkar, kuleløype, slalåmbakke)

Oppstart: År 2017

Spelemiddelsøknad fremja: År 2017

Kostnadsrekna til: Kr. 660.000,- + moms

2. Rehabilitering smørjehall/ aktivitetsrom

Totalrenovering.

Utbyggingsår: År 2017

Spelemiddelsøknad fremja År 2017

Kostnad: Kr. 400.000.- + moms

3. Aktivitetsområde Ullsheim

Målet med dette tiltaket er å kunne utvikle Ullsheim-området til eit komplett heilårsanlegg med eit variert tilbod for alle. Området skal vere til rekreasjon og rehabilitering, førebyggjande helsearbeid og fysisk fostring/ utvikling.

I arbeidet med å utvikle Ullsheim-området vil vi i denne planperioden arbeide med desse prosjekta:

- Utarbeide naturstiar i Ullsheim-området.
- Opparbeide hinderløype i Ullsheim-området
- Utarbeiding av turkart i Markane Idrettslag sitt nedslagsfelt

Prosjekt 3.1. Hinderløype

Utbyggingsår: År 2018.

Spelemiddelsøknad fremja: År 2018

Kostnadsrekna inntil kr.550.000.- + moms

Løypa vil vere eit rikt tilskott til tilboda på Ullsheim. Saman med grusbane, sandvolleyball, Årestova og den fine naturen kring anlegget, er vi overtydde om at dette vil bli eit godt og populært tilbod. Markane idrettslag ser behovet for å styrke aktivitetane på Ullsheim, særleg er vi opptekne av å få opp bruken i sommarsesongen.

Styret ser store fleirbruksmogelegheiter for anlegget og meiner at bl.a. opparbeiding av ei hinderløype vil bidra til auka aktivitet. Vi meiner tilbodet vil nå eit breitt publikum og nemner mellom anna skular/ lag og bedrifter – tilskott til treningssamlingar og leirar.

Prosjekt 3.2 Naturstiar i Ullsheim-området

Utbyggingsår: År 2019

Spelemiddelsøknad fremja: År 2019

Kostnadsrekna inntil kr.400.000.- + moms

Dette tilbudet vil særleg rette seg mot området friluftsliv. Det er i vårt distrikt mange tema som kan eigne seg godt til naturstiar. Vi nemner bl.a. skogen, landskapsvariasjonar, sætrar og sæterliv, vassdraga, stadnamn og lokallhistorie. I tillegg tek vi med Kyrkjevegen over Tverrfjellet og skulevegen for borna i Markane medan omgangskulen varte. Her er mange tema som vil eigne seg svært godt til læring, undring og oppleving.

Målgruppe: Alle

Prosjekt 3.3. Utarbeiding av turkart – Ullsheim/ Nord-Markane

Utbyggingsperiode: År 2020

Spelemiddelsøknad fremja: År 2020

Kostnadsrekna inntil kr. 500.000.- + moms

Tiltaket vil fyrst og fremst vere eit breiddetilbod og rette seg mot sommar- og vinterturistar i distriktet. Det vil også vere eit tilbod til alle og ein kvar; frå skule/barnehage, lag og organisasjonar til besøkande i distriktet. Kort sagt eit slikt kart vil vere eit tilbod til svært mange. Det vil også i høg grad fremje friluftsliv, naturoppleving og lokalkjennskap. I tillegg vil fysisk aktivitet vere med på å fremje folkehelsearbeidet. Kartet vil vere eit svært forenkla orienteringskart. I tillegg kan ein setje på lokale namn og såleis vere med på å ta vare på ein viktig kulturarv.

Nærmiljøanlegg - prioritering av søknader med oppstart år 2017.

1. Rehabilitering/ utviding av lysanlegg

2. Rehabilitering smørjehall/ aktivitetsrom

Markane Idrettslag

Eldbjørg Hatledal

- leiar Markane IL